



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 2 Desember 2022 | 100. ÅRG.

*Vi ynskjer alle ei velsigna
adventstid og ei god jul!*



Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattern Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av vennen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med vennen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.



Foto: Geir Møller

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

Avskjed med biskop Halvor



Gruppebilde Sunnfjord Foto Jens Z Meyer

Som dei fleste kjenner til, skal ein no ha bispeskite i Bjørgvin. Halvor Nordhaug går over i pensjonistane sine rekkjer, etter å ha vore biskop i Bjørgvin sidan mars 2009.

No på tampen av karrieren har biskopen besøkt alle prostia i bispedømmet for å ta farvel. Sunnfjord sto for tur 27. oktober, og alle kyrkjeleg tilsette i prostiet var inviterte til inspirasjonssamling på dagtid på Kyrkjetunet i Førde. På kveldstid var det dei folkevalde og frivillige sin tur til å ta farvel med biskopen. 20. november hadde biskop Halvor avskjedsgudsteneste i Bergen domkyrkje.

Når det gjeld prosessen vidare for tilsetjing av ny biskop, er det i skrivande stund nominert seks kandidatar:

- Stephanie Dietrich (56), professor ved VID
- Sunniva Gylver (55), sokneprest i Fagerborg
- Ragnhild Jepsen (53), domprost i Nidaros
- Nils Terje Lunde (51), nestkommanderande i Forsvarets tros- og livssynskorps
- Gudmund Waaler (59), domprost i Bjørgvin
- Kjersti Gautestad Norheim (48), sokneprest i Birkeland

Det skal vere rådgjevande avstemming blant desse kandidatane innan 5. januar, der mellom anna soknerådet i Askvoll har ei stemme. Kyrkjerådet skal i februar tilsetje ein av tre kandidatar som går vidare prosessen etter den rådgjevande avstemminga.

I samband med biskop Halvor sin avskjedsturné ga Askvoll sokn ei gåve til bispedømmet sitt hjelpeprosjekt på Cuba med kr 1000,- det som sto høgst på ønskelista. Kyrkja i Askvoll vil takke biskop Halvor for innsatsen han har lagt ned alle desse åra i bispedømmet, som ein engasjert og tydeleg biskop, og for møtepunkta rådsmedlemmer og tilsette her lokalt har hatt med han, og ønskje han gode pensjonistdagar når han no dreg heim til Fredrikstad.

Rune Ziener

Konfirmantane i Askvoll 2022



Askvoll
 Framme frå venstre: Tiril Gabrielsen Breidvik, Lone Follevåg, Elena Hertzberg Aidoni, Julia Hansen Dalsøren.
 Bak frå venstre: Kjell Olav Høstaker Nordheim (s.pr.), Leander Solheim Kongshaug, Sivert Rivedal Andersen, Johannes Ask Ringstad, Håvard Ringstad Olset, Emilian Moldestad, Audun Aarseth. Foto: Ketil Dalsøren



Vilnes
 Frå venstre: Ole Jakob Hugøy, Jenny Sande Askevold, Christer Leander Remme, Nora Linnea Hagen Waagene, Oliver Olset, Lana Saltskår Sætren, Kjell Olav Høstaker Nordheim (s.pr.), kyrkjelydspedagog Guri Høstaker Nordheim.
 Foto: Unni Sande



Bulandet
 Frå venstre: Biskop Halvor Nordhaug, kyrkjelydspedagog Guri Høstaker Nordheim, Simon Fedøy, David Nicolai Vatnøy Fedøy, Dina Johanne Torvanger Bolstad, Liam Kiefer Landøy-Midtbøen, Kjell Olav Høstaker Nordheim (s.pr). Foto: Sofie Fedøy Vatnøy



Holmedal
 Frå venstre: Håvard England, Adrian Vårdal Nesberg, Dyveke Olset, Mia Hegrenes Vindenes, Glenn Nikolai Hølen, Håkon Sverre Lien, Sondre Vagstad Eimhjellen, Kjell Olav Høstaker Nordheim (s.pr.). Foto: Jan Bjarte Skrøppa



Kvammen
 Frå venstre: Camilla Andrea Førde, Elias Aalen, Kjell Olav Høstaker Nordheim (s.pr.), Nora Marie Lund Hawkes, kyrkjelydspedagog Guri Høstaker Nordheim. Foto: Kristen Hawkes

Konfirmantane på Hausttreff...

Etter fleire år med alternative opplegg var det endeleg tid for å vere tradisjonen tru og reise til Nesholmen leirstad i Hyen med konfirmantane frå Askvoll i løpet av oktober månad. Årets kull er ein flott gjeng, det er i alt 29 ungdomar som har meldt seg til konfirmasjon.

Helga 30.9-2.10 skipa KFUK KFUM Sogn og Fjordane til Hausttreff, og vi fekk dele helga saman med mange andre ungdomar frå Sunnfjord og Nordfjord.

Tema dette året var: «Gi blaffen!» Både leirsjef Stein Robert Osdal og leirprest Kjell Olav hadde samlingar som var med å kaste lys over korleis eit slikt tema kan seie noko viktig om trua. At det faktisk er nokon ting det er viktig av vi slappar heilt av i forhold til. Også fleire frå hausttreff-komiteen delte nokre tankar rundt temaet gjennom helga, og dette var noko som gjorde inntrykk på mange av ungdomane.

Etter ei helg med mykje aktivitetar og mangt forskjellig innhald var det ein temeleg trøyt og ganske så nøgd gjeng som sette kursen heimover att til Askvoll.



Kjell Olav H Nordheim Livet på leir kan likast!



Blant mange aktivitetar er kano alltid populært. Men: Sikkerheit først!



Askvoll-konfirmantane gjorde det skarpt i konkurransane, også når det gjaldt sløyting



Også veret er viktig på Hausttreff. Godt å vere ute og aktive i lag!

...og på konfirmantfestival



Saman-teamet frå Bjørgvin bispedøme stod for det musikalske gjennom heile dagen.

Den lange tradisjonen med konfirmantnatt i Førdehuset – og tilhøyrande fotballcup – fekk ein pause under tida med restriksjonar. Når vi no igjen kan samlast slik som vi ynskjer, var tida inne for ei nyskaping: Konfirmantfestival for heile Sunnfjord, i Gaularhallen på Sande. Og sjølv om det no skjedde på dagtid den 29.10 i staden for på natta, hørde sjølvstapt ein cup med likevel. Men denne gongen var det innebandy som vart spelt. Det var blanda lag med både gitar og jenter, og Askvoll sitt lag kom heilt til finalen! Der vart det sølvmedalje som vart resultatet.

Gjennom dagen var det elles nær tjue ulike aktivitetar, der alle kunne velje ut frå interesse. Nokre var på til dømes på fjelltur, andre dreiv med dans eller vektløfting, nokre dreiv med drama og andre sat med brettspel eller handarbeid. Alt under leiing av mange flotte frivillige frå KFUM, foreldre som var med på delar av eller heile dagen, ungdomsleiarar – 3 av dei frå Askvoll - og proffe instruktørar. Dagen både starta og slutte med felles show i hallen, der Saman-teamet stod for det musikalske. I lag med dei var presten og influensaren Thor Haavik, for mange er han kjent også frå Farmen og Torpet. Han delte sine tankar om det fanst gode grunnar til å tru på Gud, og hadde også konkrete tips til korleis ungdomane kunne finne meir ut av trua og kva det vil seie å ha Jesus som venn.

Det var KFUM Sogn og Fjordane som saman med



Mange fekk eit flott gjensyn med Farmen-presten Thor Haavik.



Avslutningssamlinga vart innleia med dans til Gabrielle sin låt: Vekk meg opp.

Den norske kyrkje i Sunnfjord og Bjørgvin bispedøme som stod bak arrangementet. Eit viktig innslag i dagen var Global-løpet, der alle deltakarane hadde skaffa seg sponsorar som gav eit valfritt beløp knytt til deira deltakar sin innsats. Alt var til inntekt for Makalause Dream School, ein skule på Sri Lanka for born og unge med ulike funksjonshemmingar. KFUM i Norge er med og driv denne skulen, og i løpet av denne timen den 29.10 samla konfirmantane inn over 50.000 kr frå sine sponsorar. Det er makalaust!

Avslutningsshowet før heimreis vart opna med ein dans til Gabrielle sin låt «Vekk meg opp», og det var Ina Marie Halvorsen som stod for koreografi og instruksjon. Ein flott avslutning på ein festivaldag som komande års konfirmantar kan gle seg til!

Kjell Olav H Nordheim



Kjekt å vere mange i lag!




Konfirmantane samla inn over 50.000 til hjelp for ungdom i Sri Lanka.

Eg blir så glad når eg ser deg!

Også denne hausten fekk vi gjennomføre den fine tradisjonen med utdeling av «Mi kyrkjebok» til dei døypte som fyller 4 eller 6 i løpet av året, og gripekors av oliventre til dei som fyller 5. Dette skjedde på søndagane fjerde, ellefte og attende september. På same tid vart konfirmantane 22/23 presenterte for kyrkjelydane, og vi bad mellom anna om at det skulle bli eit fint og viktig konfirmantår. Bilda som vi ser, er frå den siste av desse gudstenestene. Den var i Askvoll kyrkje kl 17.00 på søndag 18. september.

Gudstenesta starta med at alle røyste seg og song den enkle songen «Eg blir så glad når eg ser deg». Den passa det også veldig godt å klappe til, når vi kom til andre verset: «Det er Guds fred eg vil gi deg!». Elles var nesten alle songane og bønene lagt opp slik at vi kunne gjere bevegelsar saman, bevegelsar som understreka det vi sa og song. I tida med restriksjonar – som heldigvis ligg bak oss – var dette litt vanskelegare. Men desse søndagane var det ekstra fint å kunne halde kvarandre i hendene medan vi bad: «Takk for menneske som er rundt oss. Hjelp oss å ta vare på kvarandre. La oss bli til velsigning.»



For dei som tykte det var kjekkast å ha litt å drive med om programmet skulle bli for langt eller einsformig, så var det lagt fram teiknesaker. Mellom anna kunne ein fargelegge ei teikning av Jesus som sit til bords med vener. Denne dagen hørde vi nemleg om den gongen Jesus kom på besøk til venene sine, Marta og Maria. Dei var systre, og begge to veldig glade for å ha Jesus som ven. Men dei var også veldig forskjellige. Slik også vi er! Derfor var dette ein viktig forteljing til oss alle om å kunne vere Jesu venn, uansett kven vi er. Takk for fine gudstenester saman!

Guri Høstaker Nordheim, Kyrkjelydspedagog



Mariahelg på Alværa misjonssenter, Lavik 2023.

Innimellom treng vi å få litt avstand til alle gjeremål i kvardagen. Helga 3.-5.mars 2023 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar på Alværa misjonssenter. Målet med Mariahelg er å senke skuldrane, finne kvile og mat for sjela. Her blir det både felles måltid, hyggeleg sosialt fellesskap med andre, og høve til å nyte den fine naturen ved sjøen.

Tema for helga er ikkje avklart enda, meir informasjon om det kjem når programmet er klart. Uansett – sett av helga no; 3.-5.mars

Spørsmål om helga/program -ta kontakt med Hanne Bildøy
tlf 996 10 528, e-post hanne@bildøys.no



Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

www.fjordan.no

epost: post@fjordan.no

Lindbøen 2	6809 Førde	Vakttelefon 57 82 70 30
Markegt. 42	6900 Florø	Vakttelefon 57 74 31 36
Lailas Blomster		Telefon 57 73 02 95

Bispevisitas i Askvoll

Kyrkjelydane i Askvoll sokn fekk besøk av biskop Halvor Nordhaug i 23.-26. mai 2022. Med seg i følget hadde han kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og prosten i Sunnfjord, Knut Magne Nesse. Eit variert program var lagt opp av stab og frivillige, for å gi biskopen og følget hans innsikt i korleis det er å vere kyrkje og kyrkjelyd her vi bur og lever. Og biskopen oppsummerte sjølv desse inntrykka slik, i starten av visitasforedraget som han heldt den siste dagen: «Takk for fine visitas dagar her i Askvoll! Dette er eit sokn med stor aktivitet og mange gode kreative tiltak, og som biskop er eg stolt over det eg har sett og høyr»

Visitasen starta då biskopen med følge kom til Askvoll med båt frå Bergen på måndag føremiddag. Saman fekk dei møta dei kyrkjeleg tilsette i staben og soknerådsleiar i prestegarden. Her fortalde alle om arbeidet sitt, og delte ei glede og ei utfordring. Etter ein felles lunsj hadde biskopen samtalar på kyrkjekontoret med prest og andre tilsette, før vegen gjekk til Askvoll Fjordhotell der heile det gjestande følget var innlosjert. På kvelden var det Kystpilegrimskveld i Vilnes kyrkje. Det var velkomst med historisk prolog, og helsing frå ordføraren vår og frå kyrkjelydsutvalet. Både Atløykoret og Jenny Sande Askevold bidrog med song. Prosten fortalde om kystpilegrimsleia, og kvelden vart leia av prostiprest Audun Systad. Biskopen avslutte kvelden med ei kort helsing og velsigninga. Før retur til Askvoll var biskopen med følge invitert til kveldsmat i heimen hjå Oddgun K. Grane.

Den neste dagen, tysdag, tok til med skulegudsteneste i Askvoll kyrkje for 8.-10. klasse frå Askvoll skule. Her var elevmedverknad i lag med soknepresten, medan Saman-teamet stod for det musikalske undervegs. 9.-klassingar innleia til dei ulike liturgiske ledda, og eit



Biskop med stø kurs mot kapellet!



Biskopen sitt følge: Kyrkjefagsjef Tore Skjæveland, biskop Halvor Nordhaug og prost Knut Magne Nesse.



Biskopen stod for høgtideleg opning av musikkdiakoni-prosjektet på Askvollheimen.

elevkor song. Biskopen hadde også ordet, og snakka med elevane om tilhøvet mellom tru og vitskap.

Vegen gjekk vidare til Askvollheimen, der kommunalsjef Stein Helle ynskte velkomne til musikk- og songstund i samband med opning av musikkdiakoni-prosjektet som både Askvoll sokn, Askvoll kommune og Bjørgvin bispedøme står bak. Biskopen hadde ei helsing til bebuarar og personale, før han stod for høgtideleg snor-klypping for å markere oppstart av prosjektet. Det var deretter mini-konsert ved organisten vår, Sabina.

Neste stopp var på Askvoll rådhus, der biskop med følge og ungdomsrådsgjevar Anine Vieth Mildestvedt frå bispedømekontoret møtte kommunalsjef for oppvekst Kristen Holt, sosialkonsulent Håvard Yndestad, rektorar og barnehagestyrarar. Biskopen innleidde om forholdet mellom skule og kyrkje og utfordringa med inkludering. Det var samtale om inkludering og det å vera einsamtalepartner, og å skapa gode arenaer og møteplassar, om sosiale medier, om samarbeidet mellom skule og kyrkje både i skulegudstenester, barnehagevandringar og ved at presten underviser om sorg, og om behovet for ein plan/årshjul forsamarbeidet. Kommunalsjefen oppsummerte sine tre punkt om vegen vidare slik: Gode samtalar, gode arenaer og gode planar.

Då det var tid for lunsj, gjekk vegen til gamletunet på Tveit ved Ellen Marie Tveit. Her fekk biskopen også ei fin omvising, og høyre om historia. Seinare same dag var det det bedriftsbesøk på Helle knivfabrikk der dagleg leiar Svein Erik Helle viste rundt og presenterte bedrifta, før biskopen var invitert på middag heime hjå soknerådsleiar Jostein Gryte.

Samrådsmøte med sokneråd og tilsette er eit sentralt punkt i alle visitasar, og denne gongen var møtet utvida til også å gjelde representantar for dei fem kyrkjelydsutvala i Askvoll sokn. Møtet fann stad i Kvammen kapell, og soknerådsleiar Jostein Gryte ynskte velkomen. Biskopen innleidde til samtale og viste til visitasmeldinga, som han meinta var av dei betre meldingar innhaldsmessig og at den vitnar om stor aktivitet: «De i Askvoll spelar i eliteserien». Samtalen dreide seg om kor vegen skal gå vidare og kva som skal



Gode smakar og kjekk stund på Tveit.



Visitagudsteneste i Askvoll kyrkje.

prioriterast. Det vart også tid til fellesskap rundt kveldsmat, og då fekk biskopen også høyra diktet «Musa i orgelet» av Jakob Sande, framført av Terje Mork.

På visitasens tredje dag, onsdag, hadde biskopen sitt følge – i lag med soknerådsleiar og kyrkjeverje – møte med kommunen ved ordførar Ole André Klausen, kommunedirektør Håkon Loftheim og helsekoordinator Arve Åsnes. Ein samtale om sosiale forhold og korleis det er å veksa opp her vi bur.

Biskop Halvor var særleg oppteken av å løfta fram diakonien som kyrkja sitt bidrag i møte med utfordringane i kommunen. Som avslutning på møtet var det synfaring i lokala som skal bli nytt kyrkjekontor, i Sentrumsgarden. Resten av dagen gjekk med til å møte prestane i prostiet, som var inviterte til Askvoll for å treffe biskopen.

Den fjerde og siste visitasdagen, helgetorsdag, var tida komen for ein tur i Bulandet. Der deltok biskop Halvor på konfirmasjonsgudstenesta, han hadde ei helsing og velsigninga. Det er ikkje så vanleg verken for konfirmantar eller biskopar å treffe kvarandre på konfirmasjonsdagen, så dette var med og sette ein spiss på dagen. Etter turen attende til Askvoll og lunsj på hotellet, var det tid for det avsluttande arrangementet: Visitasgudstenesta, i lag med prost, sokneprest, organist, Askvoll kyrkjekor og mange andre medverkande.

Her preika biskopen, og til og med song og spelte gitar. Etter gudstenesta heldt biskopen visitasforedrag, der han takka alle som hadde bidrege til visitasen: Sokneprest og prostiprest, kyrkjeverja, staben, sokneråd, kyrkjelydsutval og andre frivillige. Han gav også Askvoll sokn nokre utfordringar på vegen vidare, som ei oppsummering av visitasen:

- Hald fram med å arbeida for eit rikt og variert gudstenesteliv og gå til gudsteneste regelmessig, for di eiga skuld og for Guds skuld.
- Lær opp frivillige til å ta ansvar for opne kyrkjer.
- Lag ein skule-kyrkjeplan med årshjul i samarbeid med skulen.
- Få opp eit tilbod for ungdom etter konfirmasjons tida. Bruk Samanteamet frå bispedømet og lær opp unge leiarar.
- Ta initiativ overfor nabosoknet i Fjaler for å sjå om kyrkja og kommunane saman kan få til ei stilling som diakon eller diakoniarbeidar.
- Få i gang ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda.

Biskop Halvor avslutta foredraget sitt med enno ein gong å ynskje Guds velsigning og kyrkja og folket i Askvoll sokn. Etterpå var alle velkomne til festleg kyrkjekaffi, der kyrkjeverje Rune Ziener leia samlinga. Ordføraren hadde ei helsing til biskopen, og overrekte ei bok om kunstnaren og arkitekten Anders Askevold. Også kyrkjeverjen takka fiskopen for visitasen, og overrekte ein Hellekniv av typen «Alden» til biskopen, medan kyrkjefagsjef Tore fekk ein speidarkniv. Prost Knut Magne fekk også takk for dagane i Askvoll, og fekk med seg lokalt hjortekjøtt og Angus-kjøtt heim som ein «smak av Askvoll».

Kjell Olav H Nordheim



Biskopen leia kyrkjelyden i allsong:
«He's got the whole world in His hands.»



To karar på kyrkjekaffi med kvar sin kross.



Visitas=innhaldsrike dagar for både soknerådsleiar og biskop.



Salg, montering og service av varmepumper

Ole Andreas Myrstad

www.comfortservice.no

Tlf. 906 32 818

Panasonic
ideas for life



NOVAPGODKJENT
FORHANDLER

Isovator
F-gass
Sertifisering

Vi er din lokale fagbutikk i kommunen som leverer alt av blomar i anledning gravferd:



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.

Sett ditt preg på kyrkja di

Kyrkja bygger fellesskap der du bur. Velkomen til å bidra!

Kyrkjevalet 2023

I kyrkja skal det vere rom for alle som ønskjer det. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Ulike vegar til tru.

Ver med å ta ansvar for fellesskapet og for kyrkja di! Det er kyrkjeval 11. september 2023. Skal du stilla til val? Eller gje forslag om ein god kandidat? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida! Om du er interessert i å stilla til val, så ta kontakt med kyrkjekontoret.

Her kan du ta ansvar

Kyrkja di har rom for ditt engasjement. I møta med folk i nabolaget kan du bety noko med dine haldningar og det du gjer. Du trengst til ei av dei viktigaste oppgåvene i landet vårt: Å skapa sterkare fellesskap i bygd og by.

Ved kyrkjevalet skal det veljast mange frivillige til å leia arbeidet til kyrkja. Du kan vere med på noko stort: Sei ja dersom du vert spurd om å stilla til val. Og gje di røyst på valdagen. Vi vil samarbeida for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

Kyrkja har eit mangfald av tilbod: Gudstenester, omsorg for menneske, dåp og trusopplæring, konfirmasjon og ungdomsarbeid, kor og kyrkjemusikk og aktivitetar for born. Med dei mange tilboda og fellesskapa våre, har vi også behov for eit mangfald av engasjerte menneske.

To val

Ved kyrkjevalet kan du røysta på kandidatlar til både soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet.

Soknerådet

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema – m.a. barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, og dessutan jus og økonomiforvaltning.

Bispedømerådet

I kvart bispedøme er det eit bispedømeråd. Bispedømerådet tilset prestar og nokre av dei andre tilsette i kyrkja. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste organet i Den norske kyrkja.

Kandidatlistar

Soknerådet har skal i desember oppnemne ein nominasjonskomité som skal finna og nominera kandidatlar til soknerådsvalet. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlistar innan 30. april 2019. Alle kandidatlistar er sette opp i prioritert rekkjefølgje.

Til dei regionale bispedømmerådsvala vil det finnast lister frå ein nominasjonskomité (som består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømmet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender sin representant). I tillegg kan det koma lister frå andre nomineringsgrupper. Slike grupper kan ved å registrera seg innan 2. januar, søkja om økonomisk støtte til arbeidet sitt.

Kva gjer soknerådet?

Her er nokre døme på soknerådet sitt ansvarsområde:

- Trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

Kyrkjeleg fellesråd tek seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna, og dei opprettar og legg ned stillingar. I Askvoll fungerer soknerådet òg som kyrkjeleg fellesråd, i og med at det berre er eitt sokn i kommunen.

Askvoll sokneråd har 10 folkevalde medlemmer. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta, og kommunen sin representant deltek i saker som ligg til kyrkjeleg fellesråd. Soknerådet møtest om lag fem gonger i halvåret. Medlemene er valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemmer viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vera med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like tilfredsstillande som dei hadde forventa.

Kyrkjevalet vert arrangert i eit lokale i nærleiken av der du stemmer ved kommune- og fylkestingvalet. Oversyn over stemmelokale og kandidatlar du kan røysta på, finn du på www.kirken.no/valg og på soknet sine heimesider; www.askvoll.kyrkja.no når valet nærmar seg.

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

- 1 . Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
- 2 . Du vert del av eit kristent fellesskap
- 3 . Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
- 4 . Du kan sørgja for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
- 5 . Du får innblikki og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
- 6 . Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
- 7 . Du kan sørgja for at kyrkja di er ein open og inkluderande kyrkje
- 8 . Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
- 9 . Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
- 10 . Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv



Kyrkjevalet
2023

**vil du ha eit
godt råd?**

Still til soknerådsvalet. Kyrkjevalet.no


DEN NORSKE KYRKJA



Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no



**Har dere rom for en til i familien?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Sunnfjordområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto

Lys vaken i Askvoll kyrkje

Lys vaken handlar om å vere lys vaken for andre, for oss sjølv, og for Gud! Samtidig kan vi vite at Gud er lys vaken for oss! Dette er ein lys og god bodskap å bære vidare, no i adventstida.

Mange kyrkjelydar over heile landet, arrangerer Lys vaken når advent og jul nærmar seg. Difor er det hundrevis av 11-12 åringar som opplever dette tiltaket kvart år og som møtast for gode opplevingar i kyrkja.

I Askvoll sokn var det første gong vi inviterte til dette tiltaket i november, og femten flotte 11-12 åringar vart med i Askvoll Kyrkje, denne ettermiddagen og kvelden. Vi starta med utdelinga av t-skjorter og middag, før det var tid for Kode B-dans og ulike aktivitetar. Blant anna måtte dei finne 14 ord rundt om i kyrkja, i ei mørklagd kyrkje! Då var det godt å ha refleksar plassert på orda og ei lommelykt tilgjengeleg! Alle orda skulle så setjast saman til bibelverset; «Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min stig» (Salme 119:105). Sidan fekk deltakarane høyre fleire historier frå Bibelen, mellom anna om Samuel i tempelet.

Etter aktivitetane og kveldsmaten vart Lys vaken avslutta med ei gudsteneste med bønnevandring, der alle var velkomne.

Guri Høstaker Nordheim, Kyrkjelydspedagog



Babykonsert og Småtrollkonsert



I september kunne vi ynskje velkommen til Småtrollkonsert og Babykonsert i prestegarden i Askvoll.

Du har kanskje høyrte om babysong, men kanskje ikkje om babykonsert? Ideen om Babykonsert kom frå Marie Mjåseth og Sabina Baylarbayova, der dei såg for seg ei babysang-samling med meir konsertpreg og bruk av fleire instrument. Dette var ein så god ide at vi likegodt kunne ha ein konsert til for småbarn, - same dag. Her vart småbarnsavdelinga i Røverompa barnehage invitert. Kjende barnesongar prega denne konserten, som ikkje var eit trusopplæringstiltak, men eit fint uttrykk for kyrkje-barnehagesamarbeid. Felles for begge konsertane var koseleg besøk, godt samspel og mange såpebobler!

Guri Høstaker Nordheim, Kyrkjelydspedagog



Utegudsteneste på Ripeneset olsokaftan



Foto: Jorunn Bull.

Sommaren 2022 var sommaren då alle kyrkjekrinsane våre etter planen skulle ha ei utegudsteneste i løpet av sommaren. Gong etter gong kunngjorde vi: «Med håp om godt og lagleg ver, er alle velkomne til utegudsteneste....». Men ikkje ein einaste gong heldt det stikk, vi måtte flytte gudstenestene inn att i kyrkjene, takka vere den regntunge sommaren 2022.

Men det vart eitt heiderleg unntak, og det vart ei veldig kjekk stund! Bygdelaget i Rivedal hadde nemleg teke opp spørsmålet om vi kunne prøve å ha utegudsteneste på Ripeneset? Dette var ei nyskaping, og denne gongen var veret på lag med oss som ville samlast!

I fint sommarkvelds-ver – denne kvelden kom ikkje dråpane før gudstenesta var over! – kom litt over 30 personar saman til olsok-gudsteneste ute på Ripeneset fredag 29.7. Gudstenesta var skipa til i eit samarbeid mellom Kyrkja i Askvoll, Bygdelaget i Rivedal og Holmedal kyrkjelydsutval.

Bygdelaget tok ansvaret for parkering, og å lage god og grei veg til å kome fram til fots dei siste metrane. Dei laga også til ein fin gudsteneste-stad med altar på ein gamal skulepult, og hadde gjort klar rikeleg og velsmakande kveldsmat. Der var alle frammøte inviterte. Det var også lagt fram mange sitjeunderlag som ein kunne låne, og nokre hadde teke med seg eigen stol.

Tusen takk for innsatsen og samarbeidet om det som vart fin olsok-gudsteneste og kyrkjekvelds ute i den store grøne katedralen!

Kjell Olav H Nordheim



Foto: Jorunn Bull.

Flygelkonsert i Askvoll kyrkje

I løpet av dei siste åra er det samla inn pengar for å kjøpe instrument til Askvoll kyrkje. I år fant vi eit lite «Samick» (Sør-Koreansk) flygel, som er frå 2001, og blei kjøpt og brukt privat før det kom til nytt «hus» - Askvoll kyrkje. Vi betalte kr 70.000,- for flygel, frakt og stemming.

På tross av vi hadde bispevisitas veka etter, tenkte eg at vi må markere den store musikalske dagen, med nytt instrument til kyrkja vår, med velkomst-konsert for flygelet i Askvoll kyrkje.

Sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim hadde andakt og songinnslag på konserten. Erlend Ona Gjul og Erlend Os deltok også med fine musikalske stykke.

Programmet var veldig variert, med mange pianostykker frå forskjellige tider og land, også fine songar som vart framført.

Folk var veldig fornøgd, det var veldig god stemning på konserten! Og eg vil takke alle saman som ga gåve til det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet, t.d. vedlikehald og innkjøp av nye instrument. Saman samla vi inn kr. 8.692,- på konserten.

Eg gler meg til neste konsert. 😊

Sabina Baylarbayova



Erlend Os og Erlend Ona Gjul



Sabina Baylarbayova

TRENGER DU NOEN Å
SNACKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde. Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Velkommen til gudsteneste

(med atterhald om endringar)



ASKVOLL KYRKJE

Lørdag 24. desember kl. 16.00
Julaftangudsteneste

Lørdag 31. desember kl. 16.00
Nyttårs gudsteneste

Søndag 15. januar kl. 11.00
Gudsteneste

Søndag 5. februar kl. 11.00
Familiegudsteneste

Søndag 26. februar kl. 17.00
Gudsteneste

Søndag 12. mars kl. 11.00
Gudsteneste

Søndag 26. mars kl. 17.45
Temagudsteneste ved konfirmantane



VILNES KYRKJE

Lørdag 24. desember kl. 11.30
Julaftangudsteneste

Søndag 22. januar kl. 13.30
Familiegudsteneste

Søndag 12. februar kl. 18.00
Salmekveld

Søndag 19. mars kl. 11.00
Gudsteneste



HOLMEDAL KYRKJE

Lørdag 24. desember kl. 14.00
Julaftangudsteneste

Søndag 1. januar kl. 15.00
Kyrkjelydens julefest i Holmedal Bedehus

Søndag 22. januar kl. 11.00
Familiegudsteneste

Onsdag 22. februar kl. 19.00
Forbønsgudsteneste

Søndag 5. mars kl. 11.00
Gudsteneste



KVAMMEN KAPELL

Onsdag 14. desember kl. 19.00
Julekonsert med Førde kyrkjekor

Lørdag 24. desember kl. 14.00
Julaftangudsteneste

Søndag 15. januar kl. 19.00
Kveldsgudsteneste

Søndag 12. februar kl. 11.00
Familiegudsteneste

Søndag 5. mars kl. 19.00
Kveldsgudsteneste

Søndag 2. april kl. 11.00
Familiegudsteneste palmesundag



BULANDET KAPELL

Søndag 25. desember kl. 13.00
Julegudsteneste

Søndag 29. januar kl. 10.30
Familiegudsteneste

Søndag 26. februar kl. 10.30
Gudsteneste

Søndag 12. mars kl. 17.00
Gudsteneste



STONGFJORDEN KAPELL

Søndag 25. desember kl. 17.00
Julegudsteneste

VÆRLANDET

Gudsteneste i Værlandet

18. desember kl. 16.30

5. mars kl. 10.30

2. april kl. 10.30

Kyrkjelege handlingar



GRAVLAGDE

HOLMEDAL

29.04.2022	Elida Jofrid Bakke	f. 1929
02.06.2022	Lillian Herdis Helle	f. 1939
20.07.2022	Kjellfrid Marie Tveit	f. 1928
29.09.2022	Erling Opstad	f. 1923
11.10.2022	Vigdis Aalen	f. 1956
29.10.2022	Erna Mildfrid Rivedal	f. 1950
08.11.2022	Gunnvor Haaland	f. 1930

ASKVOLL

12.04.2022	Gerd Hersvik	f. 1935
20.04.2022	Ragna Johanne Kalvøy	f. 1945
13.05.2022	Arvid Follevåg	f. 1937
03.06.2022	Sverre Lammetun	f. 1930
05.07.2022	Magne Joleik Frøyen	f. 1936
14.07.2022	Inge Steinar Ravnstad	f. 1945
29.07.2022	Agnes Therese Ask	f. 1917
09.09.2022	Oddlaug Dvergsdal Langeland	f. 1948
18.10.2022	Gerd Erna Byrkjeland	f. 1938

VÆRLANDET

22.04.2022	Olav Henning Vesterås	f. 1935
01.12.2022	Margareth Otellie Landøy	f. 1947

BULANDET

03.06.2022	Solfrid Kalvøy	f. 1950
10.06.2022	Bjørn Tistel	f. 1933
01.09.2022	Oddmund Gerhard Sandøy	f. 1933

VILNES

12.04.2022	Wolfgang Dieter Kurt Schubert	f. 1937
21.06.2022	Marie Helene Olset	f. 1940
06.09.2022	Borgny Magnhild Heggøy	f. 1936

GJELSVIK

16.08.2022	Signy Andal	f. 1932
------------	-------------	---------

STONGFJORDEN

25.11.2022	Kjell Arve Yndestad	f. 1958
------------	---------------------	---------



DØYPTTE

ASKVOLL

14.04.2022	Lavrans Kusslid-Asperheim Leonora Ask Henriksen
26.06.2022	Konrad Mjåseth Indrebø
17.07.2022	Emil Drageset Hestnes Magnus Solheim Grimelid
24.07.2022	Logan Andre Aralden Hestetun (døpt i Førde)
02.10.2022	Ailo Stafsnes Olset Matheo Mjåseth Grindskar

VILNES

17.04.2022	Juno Kristina Rajeswaran Norheim
05.06.2022	Oscar Verpe Hugøy Ellie Adele Imderberg Høvik

HOLMEDAL

03.07.2022	Milla Solås
11.09.2022	Vår Tveit Sagosen
23.10.2022	Emrik Solheim Peterson

KVAMMEN

12.06.2022	Ludvik Nervik Gulbrandsen
24.07.2022	Tomine Steinsland Bergestuen

VÆRLANDET

10.04.2022	Aria Landøy Isene
------------	-------------------

BULANDET

18.04.2022	Brage Emilian Fedøy Landøy
06.06.2022	Silas Hillersøy
17.07.2022	Tiril Hillersøy
04.12.2022	Henrik Sandøy

«Lær oss å telje våre dagar
så vi kan få visdom i hjarta».


Salme 90, vers 12.

Julekonsert i Holmedal kyrkje

17. des. kl. 18.00

Vi inviterer til julestemning med aktørar frå fjern og nær. Gratis inngang, kollekt til oppussing av Holmedal kyrkje og orgelet.

Arr. Henriette, FA Askvoll, Askesus, samarbeid med Lailas blomster, Holmedal elektriske og Holmedal Ungdomslag.



Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll

GUDSTENESTER I JULA

JULAFTAN

Kl. 11.30 Vilnes kyrkje
Kl. 14.00 Holmedal kyrkje
Kl. 14.00 Kvammen kapell
Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

JULEDAG

Kl. 13.00 Bulandet kapell
Kl. 17.00 Stongfjorden kapell

NYTTÅRSAFTAN

Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

NYTTÅRS DAG

Kl. 15.00 Julefest Holmedal Bedehus



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll



KYRKJEVERJE

Rune Ziener

✉ kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no
☎ 479 63 319



KYRKJESEKRETÆR

Hildegunn Helleset

✉ sekretaer@askvoll.kyrkja.no
☎ 918 74 724



SOKNEPREST

Kjell Olav Høstaker Nordheim

✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no
☎ 482 43 056



KYRKJELYDSPEDAGOG

Guri Høstaker Nordheim

✉ pedagog@askvoll.kyrkja.no
☎ 481 06 298



KANTOR

Sabina Baylarbayova

✉ kantor@askvoll.kyrkja.no
☎ 930 81 399

v:pps

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til

692979

Rettleiande kr 200,-

Dåp
– ein god start på livet

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!
Send epost til sekretaer@askvoll.kyrkja.no, eller ring mobilnr.918 74 724

DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Askvollvegen 431, 6980 Askvoll
Telefon: 918 74 724 · E-post: post@askvoll.kyrkja.no
Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no
Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll



Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset, Kjell Olav Høstaker Nordheim

Leiar Askvoll sokneråd: Jostein Gryte, tlf. 909 38 382

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696